

# Bibelstudium over Ruts bok

---

**Veke 2**

**Å vende om**



# Å vende om

Ruts bok fortel ei gripande historie om Naomi og svigerdottera hennar, Rut. Når du no skal i gang med å studere denne boka, vil vi tilrå deg å setje av tid til å lese heile boka først. Dette vil gi deg eit godt oversyn over historia og hjelpe deg til å sjå samanhangen mellom dei ulike delane av boka. Prøv å setje deg inn i situasjonen til dei ulike personane i boka. Ha i bakhovudet korleis det kan ha vore å leve i tida då dommarane styrte, og korleis det kan ha vore å vere enkja Naomi og svigerdottera hennar, Rut.

Ruts bok er ikkje berre gitt oss for å lese ei dramatisk historie med ein fin slutt. Forfattaren har eit budskap han vil formidle. Kva fortel Ruts bok oss om Gud? Korleis er Gud? Korleis peikar denne boka fram mot Jesus og hans godleik mot oss?

Denne veka vil vi sjå på kapittel 1 i Ruts bok. Vi har laga fleire spørsmål til teksten. Nokre er enkle å svare på, andre er meir krevjande. Mist ikkje motet om du ikkje får svart på alle spørsmåla. Dei er berre meint som ei hjelp til å få deg til å reflektere over teksten.

## Ruts bok kapittel 1

**1** Les kapittel 1 nøye. Bruk gjerne teksten bakerst.

Marker med gul farge alle stadene som handlar om å «vende attende», «vende heim» eller tilsvarande.

Skriv ein Ø i margin kvar gong det er tale om å vere tom eller mangle noko.

Marker med raud farge alle stadene i teksten der Moab er nemnt.

**2** Kva for tre fakta får vi vite om i vers 1 om konteksten til boka?

i.

ii.

iii.

3 Kvifor drog dei til Moab? Kva skjedde der? (vers 1-5)

4 Kvifor blir det nemnt så mange namn i starten av boka?

5 Kva slags bilete eller inntrykk gir Bibelen oss av Moab?  
Sjå 1 Mosebok 19:30-38, 4 Mosebok 22-25, 5 Mosebok 23:3-6 og Dommarane 3:12-14.

6 Kva for grunn gir Naomi til Rut og Orpa for å dra attende til Moab? (8-13)

7 Kva for lovnad gir Rut til Naomi? (16-17)

8 Kva for reaksjon får Naomi når ho kjem attende til Betlehem? (19-21)

9 «Naomi» tyder «behageleg,» men «Mara» tyder «bitter». På kva måtar knyter Naomi konkret bitterheita si til Gud i vers 13 og versa 19-22? Korleis vil du vurdere teologien hennar på dette tidspunktet?

10 «Å vende tilbake» er eit sentralt tema i Ruts bok. Korleis kan dette temaet vere relevant for oss i dag?

## Ruts bok 1,1-22

<sup>1</sup>I dei dagane då dommarane styrte, vart det ein gong hungersnaud i landet. Då fór ein mann frå Betlehem i Juda i veg med kona si og dei to sønene sine for å slå seg ned i slettelandet Moab. <sup>2</sup>Mannen heitte Elimelek, kona Noomi og dei to sønene Mahlon og Kiljon. Dei var av Efrat-slekta, frå Betlehem i Juda. No kom dei til Moab og vart verande der.

<sup>3</sup>Så døydde Elimelek, mannen til Noomi, og ho sat att med dei to sønene sine. <sup>4</sup>Dei tok seg moabittiske koner; den eine heitte Orpa og den andre Rut. Dei vart buande der i om lag ti år. <sup>5</sup>Så døydde òg dei to sønene, Mahlon og Kiljon, og Noomi sat att åleine, utan søner og utan mann. <sup>6</sup>Då tok ho ut saman med svigerdøtrene sine for å venda heim frå slettelandet i Moab. For ho hadde høyrte i Moab at HERREN hadde teke seg av folket sitt og gjeve det brød. <sup>7</sup>Ho gav seg i veg vekk frå staden der ho hadde budd. Begge svigerdøtrene følgde henne.

Dei gav seg i veg for å venda attende til Juda. <sup>8</sup>Men Noomi sa til dei to svigerdøtrene sine: «Vend attende, gå, kvar til si mors hus! Måtte HERREN vera god mot dykk, slik de har vore gode mot dei døde og mot meg! <sup>9</sup>Måtte HERREN la dykk begge finna ein trygg heim, kvar i sin manns hus!» Så kyste ho dei. Men dei brast i gråt <sup>10</sup> og sa til henne: «Nei, vi vil følgja deg attende til folket ditt.» <sup>11</sup>Men Noomi sa: «Vend attende, døtrene mine! Kvifor vil de følgja med meg? Skulle eg enno føda søner de kan få til menn? <sup>12</sup>Vend attende, døtrene mine, gå no! Eg er for gammal til å gifta meg att. Og sjølv om eg tenkte at eg enno har von, ja, om eg alt i natt fekk ein mann og så fødde søner, <sup>13</sup>skulle så de venta til dei vart vaksne? Skulle de stengja dykk inne og leva utan menn? Nei, døtrene mine! Det er mykje bitrare for meg enn for dykk, for det er meg HERRENS hand har råka.» <sup>14</sup>Då tok dei til å gråta att, og Orpa kyste svigermor si til avskil. Men Rut klyngja seg til henne.

<sup>15</sup> Då sa Noomi: «Sjå, no vender svigerinna di attende til folket sitt og guden sin. Vend attende, du òg. Følg henne!» <sup>16</sup> Men Rut svara: «Tving meg ikkje til å skiljast frå deg og venda attende, for:

Der du går, vil eg gå,  
og der du bur, vil eg bu.

Ditt folk er mitt folk,  
og din Gud er min Gud.

<sup>17</sup> Der du døyr, vil eg døy,  
og der vil eg bli gravlagd.

Måtte HERREN la det gå meg ille  
både no og sidan  
om noko anna enn dauden  
skal skilja meg frå deg!»

<sup>18</sup> Då Noomi såg at ho stod fast på sitt og ville vera med henne, tala ho ikkje meir til henne om det. <sup>19</sup> Så gjekk dei vidare til dei kom til Betlehem. Og då dei kom dit, vart det oppstyr i byen for deira skuld, og kvinnene sa: «Er dette Noomi?» <sup>20</sup> Men ho sa til dei: «Kall meg ikkje Noomi! Kall meg heller Mara! For Den veldige har gjort livet beiskt for meg. <sup>21</sup> Rik drog eg bort, fattig har HERREN late meg venda attende. Kvifor kallar de meg Noomi når HERREN har vitna mot meg, og når Den veldige har late det gå meg så ille?»

<sup>22</sup> Så kom då Noomi heim att, og sonekona, moabittkvinna Rut, var med henne då ho vende attende frå slettelandet i Moab. Dei kom til Betlehem då bygghausten byrja.

Bibelteksten er hentet fra *Bibel 2024* / [www.bibelen.no](http://www.bibelen.no) © Det Norske Bibelselskap. Gjengitt med tillatelse